

FORELDREINFO MARS 2022



Siste FAU møte for skuleåret vart gjennomført den 21.03.22. Du finn referatet frå møtet [her](#)

Fau minner om årsmøtet den 03.mai kl 19.30. Mobbeombodet i Rogaland, *Marit Nygård Roth*, kjem for å halde eit kort foredrag knytt til forelderrolla i skulemiljøsaker. FAU håper alle som kan vil delta på møtet, og vil senda ut meir informasjon om tema når det nærmar seg. Sett av dato! ☺



3 elevar frå 9.trinn har vore på Utøya og fått opplæring i demokrati og betydninga av dette for samfunnet vårt. Dette er noko vi har reist på i fleire år, og har alltid vore godt fornøyde med opplegget. Flott og innhaldsrik tur med sterke opplevingar som vil bli gjenfortalt i elevkollektivet på ungdomstrinnet.

Skidagar

Alle elevane har vore på Stavtjørn på skidagar denne våren.

Barnetrinnet var nok litt heldigare med veret enn ungdomsskulen, men lærarane melder om gilde turar for alle tre hovudstega. Kjekt å ha eit slikt anlegg i kommunen!



Om mottak av flyktningar frå Ukraina

Sjølv om me ikkje kjenner mange detaljar akkurat no, vil Vikeså skule mest sannsynleg også få lov til å bidra inn mot ev. flyktningar som kjem til kommunen. Me har både husrom og hjarterom til dei borna som skulle ende opp hos oss i ei vanskeleg tid, og vil lysa ut etter lærarar når vi veit behovet for dette.

Barn og ungdom har fått med seg mykje av det som skjer i konfliktområdet, og me har snakka mykje om tankar elevane har rundt dette på skulen. Flott om de heime og vil snakka varmt om å ta imot dei som kjem frå konfliktsituasjonar og krig, og visa dei respekt og omsorg.

Oppfordrar dykk i foreldregruppa til å tenka integrering om dykkar barn får ein ny klassekamerat, både på barne- og vaksennivå. Det er ikkje alltid lett å orientera seg i Bjerkreim sjølv om me er etter forholda små, og facebookgrupper, SMS eller anna dykk føresette imellom vil hjelpa nye føresette i klassane til å få oversikt over kva tilbod kommunen har til barna deira.

Det vårast, og på skulen følger me spent med på om det startar å gro noko i bakken der me planta alle laukane i haust. Seinare på våren skal me ha temaveke knytt til pollinerande insekt, og betydninga dei har for klima og mennesket. Me ønsker å gje elevane forståelse for at alle ting i naturen heng saman, og at småkryp og insekt ender opp med å få ein stor betydning for heilskapen.

På våren kjem og syklane meir fram att etter mindre bruk på glatte vegar og fortau. Pass på at lys og bremsar virkar som dei skal, og at elevane er trygge på vegen før dei skal sykla åleine til skulen.

På vegne av dei tilsette vil eg og takka for gode heim-skulesamtalar og konstruktive innspel. Me opplever å ha eit godt og ope samarbeid med dykk føresette, og det gjer det lettare å laga ein god skule for elevane. Påskeferien står for tur, fredag 8.april tom måndag 18.april har elevane fri. Lag dykk gode øyeblikk!

Mvh

Svanhild Gjødrem
rektor

